



***PROTOKOLL***

***TELEFONSTYREMØTE***

***3. JUNI 2014 (5/14)***

***SØR-NORGES NOTFISKARLAG***

Det blei halde telefonstyremøte i Sør-Norges Notfiskarlag tirsdag 3. juni 2014.  
Møtet tok til kl 1000.

Følgjande deltok:     Tore Hillersøy, leiar  
                              Arild Sekkingstad  
                              Johnny Magne Sjø  
                              Magne Rosså  
                              Elling Røttingen

Sekretær:             Britt Sæle Instebø

- - - - -

Følgjande saksliste blei lagt fram:

SAK   7/14   STRUKTURKVOTEORDNING FOR KYSTFLÅTEN UNDER 11 M HEIMELSLENGDE  
              – HØYRING.

SAK   7/14   STRUKTURKVOTEORDNING FOR KYSTFLÅTEN UNDER 11 M HEIMELSLENGDE  
              – HØYRING.

- - - - -

**SAK   7/14   STRUKTURKVOTEORDNING FOR KYSTFLÅTEN UNDER 11 M HEIMELSLENGDE  
              – HØYRING.**

**VEDTAK:**

«Viser til høyringsbrev av 02.05.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag konstaterer at ein no har fått saka vedkomande struktur for kystflåten under 11/13 m til høyring utan noko form for konsekvensutgreiing.

I høyringsnotatet var det òg så og seie utelukkande snakk om torsk nord for 62°N. Makrellfiske, som er vestlendingane sitt «Lofotfiske», var nesten ikkje nemnd, og det er her snakk om å etablere ei ny ordning i ei flåtegruppe som ikkje har hatt struktur før. Ein finn det uhaldbart.

Under visar antal makrellrettar sør om Stadt i not- og garn-/snøregruppa av totalt for åra 2013 og 2010:

	not		garn/snøre	
	<13 m	13-21,35 m	<13 m	13-21,35 m
<b>2013</b>	127 av 170 (75%)	23 av 44 (52%)	83 av 164 (51%)	25 av 47 (53%)
<b>2010</b>	130 av 167 (77%)	28 av 45 (62%)	103 av 174 (59%)	35 av 54 (65%)

Vandringsmønster og reiskapsfleksibilitet som er innført kan ha påverknad på kor rettane blir solgt til. Ovannemnde bekrefter at rettar har gått frå sør til nord om 62°N dei siste åra.

Dagens strukturvotekoordning i kystflåten er ingen struktur for fartøy under 11/13 m, 2+2/3+1 i gruppa 11-15 m, og 3+3 eller 4+2 i gruppa over 15 m.

Det er ei avkorting av kvoten på 20% ved struktur.

Norges Fiskarlag har i mange år jobba for å få like strukturkvotevilkår for alle i kystgruppa.

I tillegg har Norges Fiskarlag ved brev av 13.05.14 bede Nærings- og fiskeridepartementet om å utarbeide ei høyringssak i høve justering av strukturkvotetaka for kystflåten over 11 m.

Norges Fiskarlag ber, i same brev, òg om at fylkesbindinga i torskefisket må opphevast/få større regionar samt at kondemeringskravet må fjernast.

Når ein har vedtatt korleis ein vil ha strukturvoteordninga i kystflåten, mest sannsynleg i laupet av 2014, er det avgjerande at ein får ein stabil periode omkring utviklinga av flåtesida og fiskerinæringa som heilheit. Det vil seie at ein må ha eit stort fleirtal som støttar avgjerda både innafor næringa og fiskeristyresmaktene/Stortinget.

Auka struktur talar både for og i mot auka rekruttering.

Auka struktur gjer at båtar med strukturkvote blir dyrare å skaffe seg, og det blir dermed vanskelegare å kome inn i næringa.

På den andre sida gjev auka struktur auka tryggleik for å investere i næringa, og ein har dermed sikra seg ein auka andel av kvoten i gruppa.

At ein deler ut rekrutteringskvotar i lukka gruppe skapar usikkerhet i høve kvotegrunlaget for dei som allereie er inne i gruppa, spesielt når ein kjem ned på faste kvotar.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag er sterk imot gjeldande fylkesbinding i torskefisket nord for 62°N, og ein krev at den blir fjerna, slik at alle kan drive fiskeri/struktur på meir like vilkår.

Fleirtalet i styret i Sør-Norges går inn for struktur for fartøy under 11/13 m (3 for og 2 imot).

I medlemsundersøkinga var det 50/50 for og imot, av dei som svara.

Fleirtalet i styret meiner at struktur er ei frivillig ordning, kor det einskilde rederi må gjera sine eigne økonomiske vurderingar ut frå sin situasjon.

Styret går inn for to strukturgrupper innafor kystgruppa; 0-15 m og 15 m +, det vil seie at kun fartøy med fysisk lengde under 15 m kan strukturere i gruppa med heimslengde 0-15 m.

Styret meiner òg at dagens fartøy som har heimslengde under 15 m og faktisk lengde over 15 m ikkje skal kunna delta i eventuell overregulering og refordeling i gruppa for fartøy med heimels- og faktisk lengde under 15 m.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag går inn for at gruppa under 11/13 m må kunne strukturere innafor dagens kvotetak for fartøy i gruppa 11-15 m, dvs. 3+1 eller 2+2.»

#### SAK 8/14 FORSLAG TIL REGULERING AV FISKE AV 5000 TONN MAKRELL I NORD-NORGE I 2014 – HØYRING.

##### VEDTAK:

«Viser til brev av 08.05.14 frå Norges Fiskarlag samt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sitt høyringsnotat av 06.05.2014 om saka.

I «Forskrift om regulering av fisket etter makrell i 2014», J-259-13, blei det avsett 5.000 tonn makrell for fiske i Nord-Norge.

Norges Fiskarlag stilte allereie 20.12.13 spørsmål ved avsetjinga av kvote til fiske i Nord-Norge, og presiserte at det strid mot det generelle prinsippet om at ein kan fiske kvoten sin innafor heile området som reguleringsforskrifta gjeld for.

Følgjande blei uttalt i pressemeldinga frå NFD 09.01.14:

«Formålet med å legge til rette for makrellfiske i Nord-Norge, er å håndtere de negative konsekvensene makrellens utbredelse har for økosystemet i nordlige farvann.

Avsetningen vil ikke få konsekvenser for den etablerte fordelingen mellom flåtegruppene.

I nær fremtid vil detaljer for ordningen bli tatt opp i en skriftlig høring, der aktørene vil bli invitert til å komme med sine innspill og kommentarer.»

Styret forutset at makrellen treng mat om den er i sør eller nord, og den kan dermed ikkje sjå at det kan vere noko argument i saka.

Sør-Norges Notfiskarlag slutta seg i sak 02/14, 17.01.14, til Fiskarlaget Vest si uttale der ein m.a. uttalte følgjande vedkomande avsetjinga:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar sterk avstand frå at ein skal innføre distriktskvotar/regionalisering.»

NFD foreslår i høyringsnotatet følgjande fordeling av avsetjinga, som skal fiskast innafor territorialgrensa nord for fylkesgrensa mellom Nord-Trøndelag og Nordland;

Ringnot 3.875 t, fordelt på 79 ringnotkonsesjonar (pr. 31.12.13) blir det inntil 49 t pr. båt.

SUK 322 t, fordelt på 17 fartøy blir det inntil 18,9 t pr. fartøy.

I ringnotgruppa blei avsetjinga fordelt på konsesjonar, i trål på makrelltillatelsar, og det kan opplysast at det er 20 makrelltillatelsar i SUK-gruppa, og om ein deler på 20 blir det 16,1 t pr. tillatelse.

Trål 200 t, fordelt på 23 makrelltillatelsar blir det 8,7 t pr. tillatelse.

Kyst 925 t, som NFD har tenkt fordelt mellom 37 fartøy der kvart fartøy kan fiske 25 t, fordelt ved loddtrekning. Både open og lukka gruppe kan delta.

Styret i Fiskarlaget Vest vil peike på at sidan open gruppe kan delta innafor andelen til kystgruppa, er fordelinga ikkje i samsvar med Norges Fiskarlag sitt Landsmøtevedtak 6/07, som tidlegare har vore fulgt.

**Styret i Sør-Norges Notfiskarlag går på det sterkaste i mot at det skal avsetjast eit kvantum til fiske i Nord-Norge.**

**Styret krever, med bakgrunn i bedriftsøkonomiske omsyn og det generelle prinsippet om at ein kan fiske kvoten sin innafor heile området som reguleringsforskrifta gjeld**

for, at NFD fordeler totalkvoten pr. deltakaradgang i samsvar med Norges Fiskarlag sitt Landsmøtevedtak 6/07 slik ein har gjort tidlegare år.

Styret meiner at det utan spesialtiltak vil bli fiska over 5.000 tonn makrell i Nord-Norge i 2014 viss det er god tilgjengelegheit.

Ein ber Norges Fiskarlag følgje opp saka innan høyringsfristen da makrellfisket allereie er starta opp òg i nord.

Ein krev òg ei rask avklaring frå NFD i saka.»

- - - - -

Møtet var slutt kl. 1130.

Tore Hillersøy  
leiar

Arild Sekkingstad

Johnny Magne Sjø

Magne Rosså

Elling Røttingen

Britt Sæle Instebø, sekretær